

## Anmeldelse i Subjekt 1. 3. 2021. Kristina Aurore Kvåle.

### Bøker som kunst

Ei utstilling verd å få med seg, berre ein hugsar å setje av nok tid.

Kristiansand kunsthall utforskar kunstbøker. Altså ikkje bøker om kunst, men bøker som kunst.


Krevjande og god, skriv vår meldar.



Utstillinga «Rom for bøker» på Kristiansand kunsthall er absolutt ei utstilling som framstiller ulike tilnærmingar til boka som kunst.

Eit spørsmål kan stiljast om den reint praktisk formidlingsmessig famnar litt for breidt og grensar over til det reint overveldande, da utstillinga, lik ei bok, krevjer både tid og tålmod frå tilskodaren. (Foto: Tor Simen Ulstein.)

I Kristiansand kunsthall si nyaste utstilling er det kunstboka som skal utforskast. Og då ikkje bøker *om* kunst, men bøker *som* kunst. I så måte har kunsthallen alliert seg med kunstnarane Kurt Johannesen, Rita Marhaug, Imi Maufe, Randi Annie Strand og kunstnargruppa Codex Polaris. Utstillinga famnar breidt og utforskar dei ulike tilnærmingane til bok som kunst.




Det er den skrivne og performative boka som står i sentrum i Kurt Johannessens utstilling. Midt i rommet er det satt fram to stolar og eit bord som inviterer tilskodaren til å setje seg ned, lene seg tilbake og lese bøkene lik i eit bibliotek. (Foto: Tor Simen Ulstein.)

### Den performative boka

I utstillingas fyrste rom er det kunstnar Kurt Johannesen sine bøker som møter oss.

Dette rommet skil seg ut frå dei andre då ein her kan bla gjennom bøkene sjølv, noko som er ein fin måte å friste tilskodaren til å deltaking. Kring heile rommet heng det slanke hyller med bøker. I desse bøkene finner ein alt frå skisser, metaforiske forteljingar og humoristiske framstillingar. Kringom heng det også fotografier, videoar og grafiske verker av Johannesen som framstår å supplere bøkene. Det er ei fin framsyning av kunstnarens verk som fordrar til undring og deltaking frå tilskodaren. Midt i rommet er det satt fram to stolar og eit bord slik at ein, om ein skulle ønskje, kan sette seg ned, lene seg tilbake og lese slik ein kan ved eit bibliotek. Såleis er boka i seg sjølv eit kunstnarisk verk som fullbyrdas gjennom den performative handlinga av lesing. Likt eit bibliotek kan dette også samstundes framstå som noko overveldande. Det er eit enormt volum av bøker tilgjengeleg, heile 106, og det blir raskt tydeleg at det ikkje vil vere mogleg å komme seg gjennom dei alle på eit besøk. Noko som følgjeleg fører til ei erkjenning av å komme til kort.



Kunstnargruppa Codex Polaris si utstilling Bibliotek Nordica sine undersøkjande og prosessuelle tilnærming til boka som kunst framstår som eit oppløysande og leikent element i utstillinga. (Foto: Tor Simen Ulstein.)

### Den utstilte boka

I dei andre romma møter vi følgjeleg dei andre kunstnarane og det blir raskt tydeleg at ein har i stor grad, med enkelte unntak, gått vekk frå den skrivne boka og vidare til den utstilte. Her møter vi Randi Annie Strand sine kaleidoskopiske bøker som hypnotiserar tilskodaren med sine geometriske formasjonar som endrar seg frå ei side til den andre.

Kunstnargruppa Codex Polaris si utstilling, «Bibliotek Nordica» og «Imi Maufe» sine meir undersøkjande og prosessuelle verk kring bok som medium, framstår som leikande elementer som også bidreg til å løyse opp og utfordrar tilskodaren si oppfatting av bok som medium. Det er også ei sterkt vakker oppleving å sjå Rita Marhaug sine bøker som på tvers av disiplinær utforska kunstboka både som bokbinderi, origami, grafisk arbeid og visuelt objekt. Tilnærmingane til boka som kunst framstår i utstillinga å ikkje ane nokon grenser for kva den kan vere. Noko som i seg sjølv er forfriskande.



I Randi Annie Strand sin prismeserie møter vi kaleidoskopiske bøker som hypnotiserar tilskodaren med sine geometriske formasjonar som endrar seg frå ei side til den andre. (Foto: Tor Simen Ulstein.)

### Å famne breidt

Å sei at dette er ei utstilling som søkjer å famne breidt kring eit tema innan kunsten som både er særers aktuelt og interessant, er ikkje å underdrive. Det er heller ikkje lagt noko skjul på at utstillinga også ønskjer å famne om sitt samhøyre med folkebiblioteket som ligg i etasjane under. Det er absolutt ei utstilling som på ein ryddig og fin måte framstiller ulike tilnærmingar til boka som kunst. Eit spørsmål kan stiljast om den reint praktisk formidlingsmessig famnar litt for breidt og grensar over til det reint overveldande. Det er ei utstilling som, lik ei bok, krever både tid og tålmod frå tilskodaren – eller lesaren, om ein vil.



Rita Marhaugs verker utforskar på tvers av disiplinar boka som bindekunst, origami, grafisk arbeid og visuelt objekt. (FOTO: Tor Simen Ulstein, Kristiansand Kunsthall)

### Ei spennande utforsking

At samtlege bøker i utstillinga også er til sals bidreg også til å tilgjengeleggjere dei verka som tilskodaren i utstillinga ikkje har høve til å bla gjennom eller «lese». Dette sjølvsagt til ein pris. Til sjuande og sist er det ei spennande utstilling som syner og utforsker boka som kunstarisk medium og utstillingsobjekt. Det er ei utstilling verd å få med seg, berre ein hugsar å setje av nok tid.